

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Kari Anne Iversen	FE - 080	15/2337

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
65/2015	Kommunestyret	PS	09.09.2015
143/2015	Kommunestyret	PS	16.12.2015

Justering av satsane i arbeidsvilkår for folkevalde

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I KS sin rettleiar for økonomiske vilkår for folkevalde vert det tilrådd at godtgjersle vert fastsett av det avgåande kommunestyret og vedtatt av det påtroppande. Det vert vidare tilrådd at godtgjersla vert fastsett for heile fire-årsperioden. Meland kommune sine retningslinjer *Arbeidsvilkår for folkevalde* vart vedtatt i kommunestyret 24.06.09, med ein mindre revisjon 25.09.15.

Vurdering

Administrasjonen har ved gjennomgang av retningslinjene ikkje funne grunnlag for å gjere framlegg om vesentlege endringar. Punktet Møtegodtgjersle/andre råd og utval er justert i samsvar med gjeldande politisk organisasjonsplan. Under punktet Kategori 2/andre utval, punkt 2c kan presiseringa om politisk varamedlem til AMU gå ut, ettersom AMU etter vedtak i kommunestyret ikkje lenger har politisk deltaking.

Systemet med fastsetjing av godtgjersle av det avgåande kommunestyret og vedtak av det påtroppande kommunestyret har ikkje vore nytta tidlegare.

I framlegget er satsane regulerte med 3 % auke, og så avrunda opp til næraste 50/100 kroner.

Folkehelse: Ikkje relevant i saka

Miljø: Ikkje relevant i saka

Økonomi: I budsjettframlegget for 2016 vil det bli lagt opp til 3% pris- og lønsauke.

Konklusjon

Administrasjonen vil rå til at satsane i Arbeidsvilkår for folkevalde vert justerte i samsvar med saksutgreiinga. Saka vil også bli lagt fram for det nye kommunestyret for endeleg vedtak.

Framlegg til vedtak:

«Kommunestyret tilrår overfor påtroppande kommunestyre at satsane i *Arbeidsvilkår for folkevalde* vert justerte med 3%, avrunda oppover til næraste 50/100 kroner, jf. framlegg til justerte

retningslinjer. Retningslinjene vert elles korrigererte i høve gjeldande politisk organisering.»

Kommunestyret - 65/2015

KS - behandling:

Framlegg til endring frå Tormod Skurtveit, AP:

"Kommunestyret tilrår ovanfor påtroppande kommunestyre at satsane i Arbeidsvilkår for folkevalde vert vidareført på dagens gjeldande nivå."

Framlegg til tillegg frå Ragnar Bratland, H:

"For deltaking i årsmøte, generalforsamlingar eller som valgt utsending frå Meland kommune, er det ei godgjersle som for kommunestyremøter."

Avrøysting:

Framlegget frå Tormod Skurtveit fekk 17 røyster for, (5 AP, 4 SP, 3 krF, 2 SAM, 2 V, 1 MDG), 9 røyster mot, (6 H, 2 FrP, 1 Uavh), og er såleis vedteke.

Framlegget frå Ragnar Bratland fekk 23 røyster for, (6H, 5 AP, 4 Sp, 3 KrF, 2 FrP, 2 V, 1 Uavh), 3 røyster mot, (2 SAM, 1 MDG), og er såleis vedteke

KS - vedtak:

"Kommunestyret tilrår ovanfor påtroppande kommunestyre at satsane i Arbeidsvilkår for folkevalde vert vidareført på dagens gjeldande nivå.

For deltaking i årsmøte, generalforsamlingar eller som valgt utsending frå Meland kommune, er det ei godgjersle som for kommunestyremøter."

Kommunestyret - 143/2015

KS - behandling:

Framlegg til tillgstekst frå Marit Jøssang, KrF:

"For deltaking i *eksterne* årsmøte..."

Sigmund Larsen fremja administrasjonen sitt framlegg til vedtak + framlegg til vedtak frå Ragnar Bratland:

"Kommunestyret tilrår overfor påtroppande kommunestyre at satsane i *Arbeidsvilkår for folkevalde* vert justerte med 3%, avrunda oppover til næraste 50/100 kroner, jf. framlegg til justerte retningslinjer. Retningslinjene vert elles korrigererte i høve gjeldande politisk organisering."

"For deltaking i årsmøte, generalforsamlingar eller som valgt utsending frå Meland kommune, er det ei godgjersle som for kommunestyremøter."

Avrøysting:

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak med tilleggstekst frå Marit Jøssang fekk 14 røyster for, (4 FrP, 5 H, 2 V, 3 KrF), 13 røyster mot, (7 AP, 3 SP, 2 MDG, 1 BF), og er såleis vedteke.

KS - vedtak:

«Kommunestyre godkjenner at satsane i *Arbeidsvilkår for folkevalde* vert justerte med 3%, avrunda oppover til næraste 50/100 kroner, jf. framlegg til justerte retningslinjer. Retningslinjene vert elles korrigererte i høve gjeldande politisk organisering.

For deltaking i eksterne årsmøte, generalforsamlingar eller som valgt utsending frå Meland kommune, er det ei godgjersle som for kommunestyremøter."